



INDRE SOGN
SPAREBANK
ekte lokalbanc



DELÅRSRAPPORT

&

REKNESKAP

3. kvartal 2014

Styret si melding

Kvartalsrapport pr. 30.09.2014

Rekneskapsstandardane for 3. kvartal 2014 er utarbeida i samsvar med dei internasjonale rekneskapsstandardane (IFRS) vedteke av EU. Rekneskapsstandardane er presentert i samsvar med IAS 34 "delårsrapportering". IFRS-rekneskapsstandard fører ikkje til realitetsendringar i underliggjande verdiar i rekneskapsstandardane, men vil føra til større svingingar i resultat og eigenkapital. Det som følgje av auka bruk av verkeleg verdi.

Alle tal som er kommentert gjeld for konsernet om ikkje anna er oppgjeve.

Driftsresultatet før skatt

Indre Sogn Sparebank fekk eit driftsresultat før skatt på NOK 25,21 mill. pr. 30.09.2014, mot NOK 19,05 mill. pr. 30.09.2013. Avviket skuldast i hovudsak høgare provisjonsinntekter, andre driftsinntekter, lågare tap på utlån og vinst på finansielle instrument, mellom anna grunna sal av banken sine aksjar i NETS. Pr. 30.09.2014 hadde banken NOK 0,27 mill. lågare rentenetto og NOK 1,94 mill. lågare tap på utlån enn pr. 30.09.2013.

Resultat av ordinær bankdrift (driftsresultat før skatt – kursvinst/tap på verdipapir og valuta) pr. 30.09.2014 var NOK 2,16 mill. betre enn pr. 30.09.2013.

Driftsresultatet etter skatt gir ein eigenkapitalrentabilitet pr. 30.09.2014 på 10,45 %.

Rentenetto

Netto renteinntekter er utrekna til 1,65 % av gjennomsnittleg forvaltningskapital, ein reduksjon på 0,05 %-poeng frå 30.09.2013. Netto renteinntekter gikk ned med NOK 0,27 mill. samanlikna med 30.09.2013. Det skuldast mellom sterkt press på rentenettoen og mindre utlånsvolum.

Driftsinntekter

Pr. 30.09.2014 var andre ordinære driftsinntekter (andre driftsinntekter + netto provisjonsinntekter/gebyr banktenester) NOK 16,76 mill. mot NOK 12,06 mill. pr. 30.09.2013. Dette skuldast auka andre driftsinntekter og gebyr- og provisjonsinntekter mellom anna grunna auka inntekter frå Eika Boligkreditt AS. Utbyte og vinst/tap på handel med verdipapir og valuta aukar ordinære driftsinntekter med NOK 9,86 mill. pr. 30.09.2014. Til same tid i fjor ga dette eit positivt bidrag på NOK 6,88 mill.



Driftskostnader

Pr. 30.09.2014 var driftskostnadene NOK 41,16 mill. mot NOK 37,96 mill. til same tid i fjor. Kostnadsauken skuldast i hovudsak auka løn- og personalkostnader, og auka andre kostnader. Kostnadsprosenten pr. 30.09.2014 er 64,70 % mot 63,05 % pr. 30.09.2013.

Tap på utlån og garantiar

Morbanken har pr. 30.09.2014 ført tap på utlån med NOK 3,06 mill. mot NOK 5,00 mill. til same tid i fjor. I løpet av 3. kvartal 2014, har morbanken redusert individuelle nedskrivningar med NOK 0,40 mill. Gruppenedskrivningane i morbank er redusert i 3. kvartal 2014 med NOK 0,30 mill. Sum individuelle nedskrivningar i morbank utgjør 0,39 % og nedskrivning av grupper utgjør 0,23 % av brutto utlån pr. 30.09.2014.

Kapitaldekning

Pr. 30.09.2014 var konsernet si kapitaldekning 15,72 % mot 18,19 % pr. 30.09.2013. Utrekningsgrunnlaget har minka frå NOK 1.849,79 mill. pr. 30.09.2013 til NOK 1.821,65 mill. pr. 30.09.2014. Rein kjernekapitaldekning var 12,59 % pr. 30.09.2014 mot 10,75 % pr. 30.09.2013. Styret er nøgd med utviklinga av den reine kjernekapitalen. Morbanken har omstrukturert den ansvarlege kapitalen sin i 3. kvartal 2014 slik at han er meir tilpassa CRDV IV. Morbanken har i 3. kvartal 2014 innløyst ein fondsobligasjon stor NOK 40 mill. som ikkje vil bli fornya. I tillegg har morbanken varsla regulatorisk call på den konvertible obligasjonen banken har på NOK 60 mill. i 4. kvartal 2014. Denne obligasjonen vil bli erstatta med eit ansvarleg lån stort NOK 50 mill. For morbank inneber dette noko mindre ansvarleg kapital og kjernekapital. Morbanken ligg likevel langt over kapitalkrava. Frå 2015 inneber det òg ei halvering av kostnadane for dei ansvarlege låna og fondsobligasjonane. Endringa påverkar ikkje den reine kjernekapitalen som har styrka seg med 1,84 %-poeng siste år.

Avkastning på eigenkapitalbevisa

Driftsresultat pr. 30.09.2014 etter berekna skatt, vart NOK 20,43 mill. mot NOK 15,15 mill. pr. 30.09.2013. Eigenkapitalbeviskapitalen har ikkje auka i perioden. Difor er det heller ingen utvatningseffekt på resultatet pr. eigenkapitalbevis. Pr. 30.09.2014 utgjør avkastninga NOK 10,78 pr. eigenkapitalbevis etter skatt. I morbank pr. 30.09.2014 er avkastninga NOK 10,71 pr. eigenkapitalbevis etter skatt.

Utlån

I 2014 er utlåna i morbank reduserte med NOK 152,58 mill. eller 5,40 % til NOK 2.671,57 mill. Utlån til personkundar er redusert med NOK 78,73 mill. medan utlån til næringslivet er reduserte med NOK 73,85 mill. I tillegg yter banken NOK 876,81 mill. i lån til banken sine personkundar via Eika Boligkreditt AS. I 2014 er det ein auke i porteføljen på NOK 193,23 mill. Sett i samanheng med Eika Boligkreditt AS, hadde banken ein samla vekst dei siste 12 månadane på NOK 89,96 mill, eller 2,60 %.

Innskot

I 2014 har innskota i morbank auka med NOK 193,45 mill. eller 9,01 % til NOK 2.339,57 miill. Innskot frå personkundar har i 2014 auka med NOK 90,79 mill. medan innskot frå næringslivskundar har auka med NOK 102,66 mill. Innskotsdekninga i morbank pr. 30.09.2014 er 87,57 %.

Forvaltningskapital

Morbanken sin forvaltningskapital har i 2014 auka med NOK 115,91 mill. til NOK 3.582,62 mill. pr. 30.09.2014, ein auke på 3,34 %.

Dotterselskap

Indre Sogn Sparebank Eigedomsmekling AS er 100 % eigd av banken. Selskapet vart kjøpt opp den 1. mai 2013 som ein del av banken si strategiske satsing på eigedomsmekling i Indre Sogn. Den 10. desember 2013 utvida banken eigenkapitalen til dotterselskapet med 77 aksjar à NOK 13.000. Selskapet hadde eit resultat etter skatt på NOK 0,13 mill. i 3. kvartal 2014.

Utsiktene framover

Netto provisjonar har vist ein fin auke i 3. kvartal 2014 og det same har netto vinst på finansielle instrument. Styret forventar framleis auke i desse inntektene.

Styret har god kontroll på banken sin kreditt- og likviditetsrisiko. Kapitaldekninga er god, men banken jobbar vidare med å tilpassa seg ein kapitalstruktur som tek omsyn til styresmaktene og marknaden sine forventa krav til kapitaldekning, og forventningar om framtidig vekst. Siste året har morbanken auka mykje den reine kjernekapitalen sin. Morbanken føl kapitalplanen, men i perioden fram til banken har nådd ein rein kjernekapital på 14,5 %, vil det påverka utdelingsgraden.

Styret prioriterer arbeidet med å tilpassa banken til ein ny kvardag i høve kundebehov og konkurranse. I 2014 vil alle kassane i banken bli fasa ut samstundes som ny teknologi blir installert på kontora. I tredje kvartal 2014 vart kassane ved banken sine kontor i Øvre Årdal og Lærdal utfasa.

Det vert arbeidd kontinuerleg med kvalitet og kompetanseheving blant dei tilsette.

Årdalstangen den 30. oktober 2014.

Siv Enerstvedt (s.)
Fungerande styreleiar

Morten Kristiansen (s.)

Jorunn Nilssen (s.)

Sonja-Mari H. Atterås (s.)

Per Åke Eufestad (s.)

Egon M. Moen (s.)
Adm. banksjef

Delårsrekneskap 3. kvartal 2014

i % av
gj.sn.
forv.kap.

Morbank

RESULTAT (i 1.000 kr)	3. kv.14	3. kv.13	30.09.2014	30.09.2013	31.12.2013	30.09.2014
Renteinntekter	35.105	36.232	104.588	104.893	141.024	4,02 %
Rentekostnader	20.608	20.660	61.776	61.818	82.364	2,38 %
Netto renteinntekter	14.498	15.572	42.813	43.075	58.660	1,65 %
Utbyte	195	1	4.055	5.073	5.073	0,16 %
Provisjonsinntekter m.v.	5.996	4.743	15.589	12.453	17.508	0,60 %
Provisjonskostnader m.v.	757	723	2.197	1.831	2.496	0,08 %
Netto vinst/tap på finansielle instrument	76	1.878	5.803	1.804	1.833	0,22 %
Andre driftsinntekter	107	95	281	537	809	0,01 %
Netto andre driftsinntekter	5.617	5.994	23.531	18.036	22.727	0,91 %
Løn og personalkostnader	5.320	5.714	18.757	18.026	24.358	0,72 %
Administrasjonskostnader	2.287	2.128	6.844	6.730	9.857	0,26 %
Avskrivningar på driftsmidler	888	956	2.648	2.814	3.724	0,10 %
Andre driftskostnader	2.717	2.638	10.016	9.396	13.196	0,39 %
Sum driftskostnader før tap på utlån	11.212	11.436	38.265	36.966	51.134	1,47 %
Tap på utlån	480	1.338	3.055	4.995	9.286	0,12 %
Driftsresultat før skatt	8.423	8.792	25.024	19.150	20.968	0,96 %
Skattekostnad	2.352	2.272	4.732	3.903	5.022	0,18 %
Resultat etter skatt	6.071	6.520	20.292	15.247	15.945	0,78 %
Utvida resultat						
Postar som ikke vil bli reversert i ordinært resultat						
Endring i estimatawik pensjonsordning	0	0	0	0	-1.406	0,00 %
Postar som kan bli reversert i ordinært resultat						
Verdiendring på finansielle eigendeler tilgjengeleg for sal	-4.059	449	-5.838	1.486	11.537	-0,22 %
Utvida resultat etter skatt	-4.059	449	-5.838	1.486	10.131	-0,22 %
Totalresultat	2.012	6.969	14.454	16.733	26.076	0,56 %
Basis og utvatna resultat per egenkapitalbevis	3,20	3,48	10,71	8,13	8,51	

% av
forv.kap.

Morbank

BALANSE (i 1.000 kr)	30.09.2014	30.09.2013	31.12.2013	30.09.2014
Eigendelar				
Kontantar og fordringar på sentralbankar	445.502	253.923	138.505	12,44 %
Utlån til og fordringar på kredittinstitusjonar	184.973	36.357	193.293	5,16 %
Utlån til og fordringar på kundar	2.655.397	2.797.740	2.803.486	74,12 %
Verdipapir til verkeleg verdi over resultatet	165.693	207.271	205.889	4,62 %
Verdipapir tilgjengeleg for sal	85.872	71.983	86.434	2,40 %
Investering i dotterselskap	2.301	1.300	2.301	0,06 %
Goodwill	0	0	0	0,00 %
Utsett skattefordel	762	288	762	0,02 %
Varige driftsmidler	34.184	35.084	34.244	0,95 %
Overtekne og andre eigendelar	7.933	1.859	2.455	0,22 %
Sum eigendelar	3.582.617	3.405.805	3.467.369	100,00 %
Gjeld og eigenkapital				
Gjeld til kredittinstitusjonar	1	85.007	10.132	0,00 %
Innskot frå kundar	2.339.571	2.110.171	2.146.118	65,30 %
Gjeld ved utsteda verdipapir	856.510	800.724	901.190	23,91 %
Anna gjeld	19.221	23.689	13.277	0,54 %
Pensjonsforpliktingar	1.134	1.444	2.684	0,03 %
Ansvarleg lånekapital	98.607	138.266	138.371	2,75 %
Sum gjeld	3.315.044	3.159.301	3.211.772	92,53 %
Opptent eigenkapital	182.844	165.334	191.160	5,10 %
Innskoten eigenkapital	64.437	64.437	64.437	1,80 %
Udisponert overskot etter skatt	20.292	16.733		0,57 %
Sum eigenkapital	267.573	246.504	255.597	7,47 %
Sum gjeld og eigenkapital	3.582.617	3.405.805	3.467.369	100,00 %
Postar utanom balansen				
Garantiar	84.773	108.565	103.331	
Garanti Eika Boligkreditt AS	112.156	72.963	78.213	

Delårsrekneskap 3. kvartal 2014

i % av
gj.sn.
forv.kap.

Konsern

RESULTAT (i 1.000 kr)	3. kv.14	3. kv.13	30.09.2014	30.09.2013	31.12.2013	30.09.2014
Renteinntekter	35.092	36.208	104.574	105.025	141.188	4,02 %
Rentekostnader	20.609	20.637	61.776	61.953	82.539	2,38 %
Netto renteinntekter	14.484	15.571	42.799	43.072	58.649	1,65 %
Utbytte	195	1	4.055	5.073	5.073	0,16 %
Provisjonsinntekter m.v.	5.994	4.743	15.587	12.453	17.508	0,60 %
Provisjonskostnader m.v.	757	733	2.197	1.855	2.510	0,08 %
Netto vinst/tap på finansielle instrument	76	1.878	5.803	1.804	1.833	0,22 %
Andre driftsinntekter	1.389	590	3.369	1.461	2.180	0,13 %
Netto andre driftsinntekter	6.897	6.479	26.617	18.936	24.084	1,02 %
Løn og personalkostnader	5.819	6.012	19.944	18.530	25.180	0,77 %
Administrasjonskostnader	2.555	2.181	7.245	6.819	10.278	0,28 %
Avskrivningar på driftsmidler	888	956	2.648	2.814	3.730	0,10 %
Andre driftskostnader	3.230	2.870	11.318	9.801	13.735	0,44 %
Sum driftskostnader før tap på utlån	12.492	12.019	41.155	37.964	52.923	1,58 %
Tap på utlån	480	1.338	3.055	4.995	9.286	0,12 %
Driftsresultat før skatt	8.407	8.693	25.206	19.049	20.525	0,97 %
Skattekostnad	2.401	2.272	4.781	3.903	4.903	0,18 %
Resultat etter skatt	6.006	6.421	20.425	15.146	15.621	0,79 %
Utvida resultat						
Postar som ikkje vil bli reversert i ordinært resultat						
Endring i estimatawik pensjonsordning	0	0	0	0	-1.406	0,00 %
Postar som kan bli reversert i ordinært resultat						
Verdiendring på finansielle eigendeler tilgjengeleg for sal	(4.059)	449	-5.838	1.486	11.537	-0,22 %
Utvida resultat etter skatt	-4.059	449	-5.838	1.486	10.131	-0,22 %
Totalresultat	1.947	6.870	14.587	16.632	25.752	0,56 %
Basis og utvatna resultat per eigenkapitalbevis		3,42	10,78	8,07	8,34	

% av
forv.kap.

Konsern

BALANSE (i 1.000 kr)	30.09.2014	30.09.2013	31.12.2013	30.09.2014
Eigendelar				
Kontantar og fordringar på sentralbankar	445.502	253.923	138.506	12,44 %
Utlån til og fordringar på kredittinstitusjonar	184.973	36.357	193.293	5,16 %
Utlån til og fordringar på kundar	2.656.339	2.798.416	2.804.016	74,15 %
Verdipapir til verkeleg verdi over resultatet	165.693	207.271	205.889	4,63 %
Verdipapir tilgjengeleg for sal	85.912	72.025	86.474	2,40 %
Investering i dotterselskap	0	0	0	0,00 %
Goodwill	912	912	912	0,03 %
Utsett skattefordel	879	288	879	0,02 %
Varige driftsmidler	34.184	35.090	34.244	0,95 %
Overtekne og andre eigendelar	7.933	1.859	2.492	0,22 %
Sum eigendelar	3.582.326	3.406.141	3.466.705	100,00 %
Gjeld og eigenkapital				0
Gjeld til kredittinstitusjonar	1	85.007	10.132	0,00 %
Innskot frå kundar	2.326.545	2.095.970	2.131.209	64,95 %
Gjeld ved utsteda verdipapir	856.510	800.724	901.190	23,91 %
Anna gjeld	32.148	38.407	27.847	0,90 %
Pensjonsforpliktingar	1.134	1.444	2.684	0,03 %
Ansvarleg lånekapital	98.607	138.266	138.371	2,75 %
Sum gjeld	3.314.945	3.159.818	3.211.433	92,54 %
Opptent eigenkapital	182.519	165.334	190.835	5,09 %
Innskoten eigenkapital	64.437	64.437	64.437	1,80 %
Udisponert overskot etter skatt	20.425	16.552		0,57 %
Sum eigenkapital	267.381	246.323	255.272	7,46 %
Sum gjeld og eigenkapital	3.582.326	3.406.141	3.466.705	100,00 %
Postar utanom balansen				
Garantiar	84.773	108.565	103.331	
Garanti Eika Boligkreditt AS	112.156	72.963	78.213	

Eigenkapitaloppstilling

Eigenkapitaloppstilling morbank pr. 30.09.2014

	Innskoten eigenkapital		Opptent eigenkapital				Sum eigen- kapital	i 1.000 kr
	Eigen- kapital- bevis	Overkurs- fond	Spare- banken sitt fond	Utjæmnings- fond	Gåvefond	Fond for urealiserte gevinster		
Eigenkapital 01.01.2013	31.625	32.812	133.931	15.005	18.425	279	232.076	
Resultat etter skatt			5.280	5.383	5.281		15.945	
<i>Utvida resultat</i>								
Endring i ikkje resultatførte estimatawik pensjon			-1.926				-1.926	
Endring i utsatt skatt på ikkje resultatført estimatawik pensjon			520				520	
Verdiendring tilgjengeleg for sal portefølje						11.537	11.537	
Totalresultat 31.12.2013	0	0	3.874	5.383	5.281	11.537	26.076	
<i>Transaksjonar med eigarane</i>								
Utbetalt utbyte for 2012				-2.056			-2.056	
<i>Andre eigenkapitaltransaksjonar</i>								
Utbetalt frå gåvefond					-500		-500	
Eigenkapital 31.12.2013	31.625	32.812	137.805	18.332	23.206	11.816	255.597	
Resultat etter skatt			20.292				20.292	
<i>Utvida resultat</i>								
Endring i ikkje resultatførte estimatawik pensjon							0	
Endring i utsatt skatt på ikkje resultatført estimatawik pensjon							0	
Verdiendring tilgjengeleg for sal portefølje						-5.838	-5.838	
Totalresultat 30.09.2014	0	0	20.292	0	0	-5.838	14.454	
<i>Transaksjonar med eigarane</i>								
Utbetalt utbyte for 2013				-2.056			-2.056	
<i>Andre eigenkapitaltransaksjonar</i>								
Utbetalt frå gåvefond					-423		-423	
Eigenkapital 30.09.2014	31.625	32.812	158.098	16.276	22.783	5.978	267.573	

Eigenkapitaloppstilling konsern pr. 30.09.2014

	Innskoten eigenkapital		Opptent eigenkapital				Sum eigen- kapital	i 1.000 kr
	Eigen- kapital- bevis	Overkurs- fond	Spare- banken sitt fond	Utjammings- fond	Gåvefond	Fond for urealiserte gevinster		
Eigenkapital 01.05.2013	31.625	32.812	133.931	15.005	18.425	279	232.076	
Resultat etter skatt			4.957	5.383	5.281		15.621	
<i>Utvida resultat</i>								
Endring i ikkje resultatførte estimatawik pensjon			-1.926				-1.926	
Endring i utsatt skatt på ikkje resultatført estimatawik pensjon			520				520	
Verdiendring tilgjengeleg for sal portefølje						11.537	11.537	
Totalresultat 31.12.2013	0	0	3.551	5.383	5.281	11.537	25.752	
<i>Transaksjonar med eigarane</i>								
Utbetalt utbyte for 2012				-2.056			-2.056	
<i>Andre eigenkapitaltransaksjonar</i>								
Utbetalt frå gåvefond					-500		-500	
Eigenkapital 31.12.2013	31.625	32.812	137.482	18.332	23.206	11.816	255.272	
Resultat etter skatt			20.425				20.425	
<i>Utvida resultat</i>								
Endring i ikkje resultatførte estimatawik pensjon							0	
Endring i utsatt skatt på ikkje resultatført estimatawik pensjon							0	
Verdiendring tilgjengeleg for sal portefølje						-5.838	-5.838	
Totalresultat 30.06.2014	0	0	20.425	0	0	-5.838	14.587	
<i>Transaksjonar med eigarane</i>								
Utbetalt utbyte for 2013				-2.056			-2.056	
<i>Andre eigenkapitaltransaksjonar</i>								
Utbetalt frå gåvefond					-423		-423	
Eigenkapital 30.06.2014	31.625	32.812	157.907	16.276	22.783	5.978	267.380	



Kontantstramanalyse

i 1.000 kr

	Morbank			Konsern		
	3.kvartal 2014	3.kvartal 2013	31/12-2013	3.kvartal 2014	3.kvartal 2013	31/12-2013
Kontantstramar frå operasjonelle aktivitetar						
Resultat før skattekostnad	25.024	11.395	20.967	25.157	11.393	20.524
Betalt skatt i perioden	-4.429	-4.947	-4.430	-4.402	-4.947	-4.447
Tap/gevinst ved sal av anleggsmidlar	5.249	0	-223	5.249	0	-223
Ordinære avskrivningar	2.648	1.858	3.724	2.648	1.858	3.730
Postar over utvida resultat	-5.838	1.037		-5.838	1.037	
Forskjell mellom kostnadsført pensjon og inn/utbet i ordning.	-1.550	-1.500	-260	-1.550	-1.500	-260
Endring utlån (inn- og utbetalingar utlån/utnytt rammekreditt)	150.588	35.569	23.942	151.009	35.386	23.942
Endring gjeld til kredittinstitusjonar	-10.131	-17	10.003	-10.131	-17	10.003
Endring innskot frå kundar	193.453	44.908	74.674	191.570	62.173	74.674
Endringar verdipapir til verkeleg verdi over resultatet	556	-246	466	556	-246	466
Endring i andre tidsavgrensingspostar	-11.351	3.384	-7.058	-10.050	-13.696	-8.904
Netto kontantstram frå operasjonelle aktivitetar	344.218	91.441	121.805	344.217	91.441	119.505
Kontantstram frå investeringsaktivitetar						
Innbetalingar ved sal av varige driftsmidlar			223	0		223
Utbetalingar ved kjøp av varige driftsmidlar	-2.587	-350	-652	-2.587	-350	-652
Utbetalingar ved kjøp av aksjar i dotterselskap			-2.301	0		
Innbetalingar ved sal av langsiktige verdipapir (investeringsportefølje)	25.104	11.100		25.104	11.100	
Utbetalingar ved kjøp av langsiktige verdipapir (investeringsportefølje)	-10.066			-10.066		
Innbetalingar ved sal av langsiktige aksjar og andelar i andre føretak	36.602		12.880	36.602		12.880
Utbetalingar ved kjøp av langsiktige aksjar og andelar i andre føretak	-7.115	-2.662	-8.274	-7.115	-2.662	-8.274
Netto kontantstram frå investeringsaktivitetar	41.938	8.088	1.876	41.938	8.088	4.177
Kontantstramar frå finansieringsaktivitetar						
Innbetalingar ved opptak av obligasjonsinnlån	100.000	198.060	298.905	100.000	198.060	298.905
Utbetalingar ved nedbetaling av obligasjonsinnlån	-185.000	-133.000	-270.000	-185.000	-133.000	-270.000
Utbetaling av utbyte	-2.056	-2.056	-2.056	-2.056	-2.056	-2.056
Utbetalingar til gåver	-423	-250	-500	-423	-250	-500
Netto kontantstramar frå finansieringsaktivitetar	-87.479	62.754	163.349	-87.479	62.754	26.349
Netto kontantstram for perioden	298.677	162.283	150.030	298.676	162.283	150.031
Kontantar og kontantekvivalentar ved byrjinga av perioden	331.798	181.768	181.768	331.799	181.768	181.768
Kontantar og kontantekvivalentar ved slutten av perioden	630.475	344.051	331.798	630.475	344.051	331.799
Denne er sett saman av:						
Kontantar og fordringar på sentralbankar	445.502	275.032	138.505	445.502	275.032	138.506
Utlån til og fordringar på kredittinstitusjonar	184.973	69.019	193.293	184.973	69.019	193.293

Notar

1 Generell informasjon

Indre Sogn Sparebank er ein ekte lokalbank med kunden i sentrum. Banken er sjølvstendig og tilbyr banktenester, forsikring og verdipapirhandel. Banken tilbyr primært banktenestene sine til person- og næringslivskundar i Indre Sogn, men har òg avdeling i Bergen og har elles kundar ut over kommunegrensene. Indre Sogn Sparebank er notert på Oslo Børs med eigenkapitalbevis.

Rekneskapet gjeld for perioden 01.01.2014 til 30.09.2014. Alle tal er presentert i norske kroner og i heile tusen, med mindre anna er spesifisert i notane. Indre Sogn Sparebank innreknar dotterselskapet Indre Sogn Sparebank Eigedomsmekling AS i konsernrekneskapet frå og med 01.05.2013 og har utarbeida konserntal for perioden frå oppkjøp til 30.09.2014.

Rekneskapet for tredje kvartal 2014 vart vedteke av styret 30. oktober 2014.

2 Rekneskapsprinsipp og rekneskapsestimat

Rekneskapet til Indre Sogn Sparebank er utarbeida i samsvar med IAS 34 (IFRS) og fortolkningar frå IFRS fortolkingskomité (IFRIC), som er fastset av EU.

Dei same rekneskapsprinsippa og berekningane som vart nytta i årsrekneskapen for 2013, med tillegg av IFRS 3 for konsernrekneskap frå og med 31.12.2013, er nytta i delårsrekneskapen for tredje kvartal 2014 med mindre anna kjem fram av notane nedanfor.

Når det gjeld ytingar til tilsette, pensjon, nytta Indre Sogn Sparebank tidleg bruk av revidert IAS 19 ved konvertering til IFRS i 2011. Endringar som følgje av IAS 19 har ikkje innverknad på rekneskapstala for 2013 eller tidlegare periodar.

For meir informasjon om rekneskapsprinsipp og informasjon om rekneskapsestimat, viser banken til årsrapporten for 2013 for Indre Sogn Sparebank.



3 Konserndanning

Indre Sogn Sparebank har kjøpt opp og kontrollerer 100 % av Indre Sogn Sparebank Eigedomsmekling AS. Selskapet skal drive med eigedomsmekling i Indre Sogn. Selskapet har tre tilsette.

Selskapet vart overteke 01.05.2013 og er ein del av den strategiske satsinga til banken på eigedomsmekling.

Innrekna goodwill i selskapet skuldast at selskapet har opparbeida seg høg marknadsandel og kompetanse på området. Indre Sogn Sparebank tilbyr eit breiare produktspekter som følgje av oppkjøpet og forventar at dette skal betre innteninga.

Den verkelege verdien av føretaket ved kjøp var NOK 1,3 mill. som vart oppgjort med kontantar.

Den 10. desember 2013 utvida banken eigenkapitalen til dotterselskapet med 77 aksjar à NOK 13.000.

Goodwill

Innrekna goodwill i selskapet skuldast at selskapet har opparbeida seg høg marknadsandel og kompetanse på området. Indre Sogn Sparebank tilbyr eit breiare produktspekter som følgje av oppkjøpet og forventar at dette skal betre innteninga.

Goodwill vert vurdert for nedskrivning ved kvart rapporteringstidspunkt. Goodwill NOK 912.000 referer seg til overtakinga av Indre Sogn Sparebank Eigedomsmekling AS den 01.05.2013. Banken si oppfatning er at denne verdien er intakt pr. 30.09.2014.

4 Transaksjonar med nærstående partar

Indre Sogn Sparebank Eigedomsmekling AS

Indre Sogn Sparebank Eigedomsmekling AS er eit 100 % eigd dotterselskap og er eit reint eigedomsmeklingsføretak.

I konsernrekneskapen er bankinnskot eliminert med NOK 13,0 mill.

Indre Sogn Sparebank Eigedomsmekling AS har eit overrskot etter skatt pr. 30.09.2014 på NOK 182.090. Sjå òg note 3.

5 Hending etter balansedag

Det har ikkje forekome hendingar etter utløp av perioden som medfører justeringar av, eller tilleggsopplysningar i rekneskapet eller i notar til rekneskapet.



6 Informasjon om sektor og næring på utlån og fordringar til kunder og innskot frå kunder

i 1.000 kr

	Morbank				Konsern		
	30.09.2014	30.09.2013	2013 +/-	31.12.2013	30.09.2014	30.09.2013	31.12.2013
Lønstakarar	2.016.562	2.123.043	-158.336	2.094.794	2.017.504	2.123.719	2.096.363
Jordbruk, skogbruk, fiske	40.840	43.280	-6.948	43.016	40.840	43.280	43.016
Industri	35.394	35.341	9.232	33.807	35.394	35.341	33.807
Bygg og anlegg	85.333	94.569	3.833	88.802	85.333	94.569	88.802
Handel, hotell, transport, tenester	180.676	206.035	7.132	222.789	180.676	206.035	222.789
Finansiering, eigedomsdrift	263.576	261.955	-27.383	286.107	263.576	261.955	286.107
Offentleg forvaltning og andre	49.686	53.529	-3.742	54.832	49.686	53.529	54.832
Sum utlån før nedskrivningar	2.672.066	2.817.753	-176.213	2.824.147	2.673.008	2.818.429	2.825.716
Individuele nedskrivningar	-10.469	-13.413	3.082	-14.361	-10.469	-13.413	-14.700
Gruppevise nedskrivningar	-6.200	-6.600	1.100	-6.300	-6.200	-6.600	-7.000
Sum utlån til og fordringar på kunder i balansen	2.655.397	2.797.740	-172.031	2.803.486	2.656.339	2.798.416	2.804.016
Utlånportefølje hos Eika Boligkreditt AS	876.805	640.658	384.367	683.576	876.805	640.658	683.576
Totale utlån	3.532.202	9.053.891	212.336	3.487.062	3.533.144	3.439.074	3.487.592

Innskot frå kunder	Morbank				Konsern		
	30.09.2014	30.09.2013	2013 +/-	31.12.2013	30.09.2014	30.09.2013	31.12.2013
Lønstakarar	1.474.907	1.392.286	165.012	1.383.891	1.474.907	1.392.286	1.383.891
Jordbruk, skogbruk fiske, fiske	57.664	53.912	10.919	54.742	57.664	53.912	54.742
Industri	36.279	49.323	16.245	37.565	36.279	49.323	37.565
Bygg og anlegg	47.962	35.323	-13.740	56.992	47.962	35.323	56.992
Handel, hotell, transport, tenester	53.481	51.798	-4.789	51.107	40.455	40.583	36.198
Finansiering, eigedomsdrift	378.290	386.914	-80.869	333.331	378.290	386.914	333.331
Offentleg forvaltning og andre	290.988	140.616	175.324	228.490	290.988	140.616	228.490
Sum innskot	2.339.572	2.110.171	268.101	2.146.118	2.326.546	2.098.956	2.131.209

7 Misleghald og tap på utlån morbank og konsern

a) Brutto- og netto misleghaldne engasjement

i 1.000 kr

	30.09.2014	30.09.2013	31.12.2013
Engasjement som har vore misleghaldne i meir enn 90 dagar			
Misleghald næringslivskundar	8.182	13.692	17.955
Misleghald personkundar	14.732	11.295	11.859
= Brutto misleghaldne engasjement	22.914	24.987	29.814
- Individuelle nedskrivningar	2.879	5.635	5.544
= Netto misleghaldne engasjement	20.035	19.352	24.270

b) Engasjement som er tapsutsette men ikkje misleghaldne

Brutto tapsutsette ikkje misleghaldne engasjement	35.930	26.268	39.734
- Individuelle nedskrivningar	7.590	7.776	8.817
= Netto tapsutsette ikkje misleghaldne engasjement	28.340	18.492	30.917

c) Kostnadsførte tap gjennom året

	30.09.2014	30.09.2013	31.12.2013
Kostnadsførte konstaterte tap med tidligare individuelle nedskrivningar	6.699	5.574	9.210
Kostnadsførte konstaterte tap utan tidligare individuelle nedskrivningar	0	0	
Inngått på tidligare konstaterte tap	767	355	398
Nye individuelle nedskrivningar	419	95	131
Auke i eksisterande individuelle nedskrivningar	3.701	4.146	7.596
Konstaterte tidligare individuelle nedskrivningar	0	1.590	3.200
- Reduserte individuelle nedskrivningar	6.789	0	9.487
= Netto resultateffekt individuelle nedskrivningar	3.155	5.695	10.286
+/- Periodens endring i gruppenedskrivning	-100	-700	-1.000
= Kostnadsførte tap på utlån	3.055	4.995	9.286
= Tapskostnader på garantiar i inneverande år	0	0	0

Individuelle nedskrivningar på utlån og garantiar gjennom året

+ Individuelle nedskrivningar på utlån per 01.01	14.361	13.551	13.552
- Konstaterte tap gjennom året som er individuelt nedskrivne tidlegare år	6.789	5.575	9.487
+ Netto auke individuelle nedskrivningar gjennom året	0	1.591	3.200
+ Nye individuelle nedskrivningar gjennom året	3.701	4.146	7.596
- Tilbakeførte individuelle nedskrivningar på utlån gjennom året	805	300	500
= Individuelle nedskrivningar på utlån	10.468	13.413	14.361

Tapsavsetninger på garantiar

= Tapsavsetninger på garantiar	0	0	0
Gruppenedskrivningar på utlån m.v. gjennom året			
Gruppenedskrivningar til dekking av tap på utlån m.v. pr. 01.01	6.300	7.300	7.300
+/- Endring gruppenedskrivning gjennom året	-100	-700	-1.000
= Gruppenedskrivning til dekking av tap på utlån	6.200	6.600	6.300

d) Inntektsførde renter der det er føreteke nedskrivning

Inntektsførde renter på utlån der det er føreteke nedskrivning	1.112	1.113	1.229
--	-------	-------	-------

8 Engasjement med risikoklassifisering

i 1.000 kr.

Risikoklasse	Morbank		Morbank		Morbank		Morbank		Morbank	
	Brutto engasjement	Individuell nedskrivning	Gruppenedskrivning	Netto engasjement						
	30.09.2014	30.09.2013	30.09.2014	30.09.2013	30.09.2014	30.09.2013	30.09.2014	30.09.2013	30.09.2014	30.09.2013
Personmarknad										
Låg	2.152.321	2.265.878	100	1.606	64	790	2.152.157	2.263.481	68,0 %	67,8 %
Normal	54.336	52.478	0	0	0	0	54.336	52.478	1,7 %	1,6 %
Høg	3.514	8.606	29	326	19	160	3.466	8.119	0,1 %	0,2 %
Problemengasjement	3.019	3.763	1.716	1.323	1.101	651	203	1.789	0,0 %	0,1 %
Ikkje klassifiserte	5.340	7.356	13	651	8	320	5.319	6.384	0,2 %	0,2 %
Sum	2.218.531	2.338.080	1.858	3.906	1.191	1.922	2.215.482	2.332.252	70,0 %	69,8 %
Næringsliv										
Låg	798.458	768.181	0	0	0	0	798.458	768.181	25,2 %	23,0 %
Normal	99.492	188.306	0	2.550	0	1.255	99.492	184.501	3,1 %	5,5 %
Høg	62.764	64.446	7.310	6.557	4.688	3.226	50.766	54.663	1,6 %	1,6 %
Problemengasjement	3.119	843	500	0	321	0	2.299	843	0,1 %	0,0 %
Ikkje klassifiserte	0	42	0	400	0	197	0	-555	0,0 %	0,0 %
Sum	963.834	1.021.818	7.810	9.507	5.009	4.678	951.015	1.007.633	30,0 %	30,2 %
Risikoklasse	Brutto engasjement		Individuell nedskrivning		Gruppenedskrivning		Netto engasjement		%	
TOTAL	30.09.2014	30.09.2013	30.09.2014	30.09.2013	30.09.2014	30.09.2013	30.09.2014	30.09.2013	30.09.2014	30.09.2013
Låg	2.950.779	3.034.058	100	1.606	64	790	2.950.615	3.031.662	93,2 %	90,8 %
Normal	153.828	240.784	0	2.550	0	1.255	153.828	236.979	4,9 %	7,1 %
Høg	66.278	73.052	7.339	6.883	4.707	3.387	54.233	62.782	1,7 %	1,9 %
Problemengasjement	6.139	4.607	2.216	1.323	1.421	651	2.502	2.633	0,1 %	0,1 %
Ikkje klassifiserte	5.340	7.397	13	1.051	8	517	5.319	5.829	0,2 %	0,2 %
Sum	3.182.364	3.359.898	9.668	13.413	6.200	6.600	3.166.497	3.339.885	100,0 %	100,0 %

Brutto engasjement inkluderar utlån til kundar før nedskrivning, unyttta kredittrammer, garantiar og unyttta garantirammer.

9 Gjeld ved utsteda verdipapir

i 1.000 kr

Lånetype/ISIN	Låneopptak	Siste forfall	Pålydande	Bokført verdi			Rente- vilkår
				30.09.2014	30.09.2013	31.12.2013	
Sertifikat- og obligasjonslån							
NO0010566847	19.03.2010	19.03.2015	165.000	165.322	164.882	164.922	3 mnd. NIBOR + 1,15 %
NO0010592058	19.11.2010	19.11.2014	150.000	105.260	150.341	150.361	3 mnd. NIBOR + 1,30 %
NO0010612419	06.06.2011	06.06.2014	100.000	0	100.162	100.172	3 mnd. NIBOR + 0,95 %
NO0010649205	06.06.2012	06.06.2017	125.000	125.167	124.983	125.058	3 mnd. NIBOR + 2,25 %
NO0010664931	30.11.2012	30.11.2015	100.000	100.225	100.200	100.201	3 mnd. NIBOR + 1,15 %
NO0010671274	06.02.2013	06.02.2017	100.000	100.063	100.188	100.197	3 mnd. NIBOR + 1,20 %
NO0010672967	07.03.2013	07.03.2016	110.000	110.345	59.968	110.317	3 mnd. NIBOR + 1,10 %
NO0010699176	13.12.2013	13.12.2018	50.000	50.028		49.962	3 mnd. NIBOR + 1,15 %
NO0010700370	14.01.2014	14.10.2016	100.000	100.100			3 mnd. NIBOR + 0,83 %
Sum gjeld ved utsteda verdipapir				856.510	800.724	901.190	
Fondsobligasjoner							
NO0010238264	29.09.2004	Evigvarande Calldato 29.09.2014	40.000	0	39.936	39.953	3 mnd. NIBOR + 2,15 % 1)
NO0010606270	06.05.2011	Evigvarande	60.000	58.595	58.141	58.188	3 mnd. NIBOR + 5,50 % 2)
NO0010675747	30.04.2013	Evigvarande Calldato 30.04.2018	40.000	40.012	40.189	40.196	3 mnd. NIBOR + 4,90 % 3)
Sum ansvarleg lånekapital				98.607	138.266	138.337	

1) Frå 29.09.2014 aukar rentetillegget (margin til referanserente) med 1 % til 3,15 %.
Banken gjorde opp lånet 29.09.2014 til kurs 100 %.

2) Lånet har ein konverteringsrett for obligasjonseigarane, som kan velja å kovertere obligasjonar til eigenkapitalbevis til kurs 100 på kvart rentebetalingsstidspunkt fram til og med 15.03.2016. Rentevilkåra til lånet er inklusive konverteringsretten er uvesentleg forskjellige frå alternative vilkår utan konverteringsrett. Banken har difor ikkje skilt ut ein eigenkapitalandel frå lånet. Lånet tel som kjernekapital.

3) Lånet tel som kjernekapital også etter EU-forordningen for Basel III, og er godkjent av Finanstilsynet som kjernekapital.
Banken kan frå 30.04.2018, og seinare kvartalsvis på rentereguleringsdatoar, innfri lånet heilt til kurs 100 %.

10 Ansvarleg kapital

i 1.000 kr

	Morbank			Konsern		
	30.09.2014	30.09.2013	31.12.2013	30.09.2014	30.09.2013	31.12.2013
Kjernekapital:						
Eigenkapitalbevis	31.625	31.625	31.625	31.625	31.625	31.625
Overkursfond	32.812	32.812	32.812	32.812	32.812	32.812
Sparebankens fond	137.805	133.931	148.470	137.480	133.830	138.887
Gåvefond	22.783	18.175	17.925	22.783	18.175	23.206
Utjamningsfond	16.276	12.949	12.949	16.276	12.949	18.332
Frådrag	-10.762	-29.690	-27.087	-11.680	-30.602	-29.658
Rein kjernekapital	230.539	199.802	216.694	229.296	198.789	215.204
Fondsobligasjonar	98.008	137.617	137.711	98.008	137.617	137.711
Frådrag	-40.894			-40.920		
Kjernekapital	287.653	337.419	354.405	286.384	336.406	352.915
Tilleggskapital	2.152			2.152		
Frådrag	-2.152			-2.152		
NETTO ANSVARLEG KAPITAL	287.653	337.419	354.405	286.384	336.406	352.915
Eksponeringskategori:						
Statar	0	0	0	0	0	0
Lokal regional styresmakt	2.200	3.200	2.200	2.200	3.200	2.200
Institusjonar	4.293	78.911	123.816	4.293	78.911	123.816
Føretak	208.428	214.661	178.454	208.428	213.403	176.193
Pantesikra eigedom	1.180.927	1.170.046	1.228.462	1.180.927	1.170.046	1.228.462
Forfalne engasjement	21.790	23.041	28.013	21.790	23.041	28.013
Obligasjonar med fortrinnsrett	10.515	11.474	11.442	10.515	11.474	11.442
Institusjonar og føretak med kortsiktig rating	36.821			36.821		
Andelar verdipapirfond	0	34.393	34.909	0	34.393	34.909
Egenkapitalposisjonar	43.942			41.681		
Andre engasjement	177.588	228.470	203.331	178.530	229.152	203.898
Kapitalkrav frå operasjonell risiko	136.463	122.766	136.467	136.463	122.766	136.467
Frådrag	0	-36.594	-37.292	0	-36.594	-37.428
SUM BEREKNINGSGRUNNLAG	1.822.967	1.850.369	1.909.801	1.821.648	1.849.793	1.907.971
Kapitaldekning %	15,78 %	18,24 %	18,56 %	15,72 %	18,19 %	18,50 %
Kjernekapitaldekning %	15,78 %	18,24 %	18,56 %	15,72 %	18,19 %	18,50 %
Rein kjernekapitaldekning %	12,65 %	10,80 %	11,35 %	12,59 %	10,75 %	11,28 %

11 Eigenkapitalbevis

Banken sine eigenkapitalbevis er alle ført i 1 -ein- klasse og utgjør per 30.09.2014 NOK 31.625.000 delt på 632.500 eigenkapitalbevis pålydande NOK 50,-.

Eigarandelsbrøken for 2013 er utrekna med utgangspunkt i eigenkapitalfordeling pr. 31.12.2012, justert for utbetalingar gjennom 2013. Tilsvarande er eigarandelsbrøken for 2014 utrekna med utgangspunkt i fordeling pr. 31.12.2013 justert for utbetalingar gjennom 2014.

i 1.000 kr

	30.09.2014	30.09.2013	31.12.2013
Eigarandelsbrøk, morbank			
Eigenkapitalbevis	31.625	31.625	31.625
Overkursfond	32.812	32.812	32.812
Utjamningsfond	16.276	12.949	16.276
Sum eigarandelskapital (A)	80.713	77.386	80.713
Sparebankens fond	137.805	133.931	137.805
Gåvefond	22.783	18.175	23.206
Grunnfondskapital (B)	160.589	152.106	161.011
Fond for urealisert vinst	5.978	1.316	11.816
Avsett utbyte, gaver og konsemdrag	0	0	2.056
Anna eigenkapital	0	8.728	0
Sum eigenkapital	247.281	239.535	243.114
Eigarandelsbrøk A / (A+B)	33,45 %	33,72 %	33,39 %
Utbyte			
Avsett utbyte per eigenkapitalbevis (tal i heile kr.)	3,25	0,00	3,25
Samla utbyte	2.056	0	2.056

Dei 20 største eigarane pr. 30.09.2014 utgjør 48,35 % av eigenkapitalbeviskapitalen.

30.09.2014					
Namn	Tal bevis	%	Namn	Tal bevis	%
MP PENSJON PK	50.383	7,97 %	SECURUS AS	10.000	1,58 %
VERDIPAPIRFONDET EIK	41.930	6,63 %	THU LEIF MAGNE	8.498	1,34 %
DØSKELAND BØRGE	32.980	5,21 %	LUSTER SPAREBANK	7.600	1,20 %
ROGNE HELGE	24.313	3,84 %	AURLAND SPAREBANK	6.800	1,08 %
EUROVEST AS	23.321	3,69 %	VIK SPAREBANK	6.650	1,05 %
BEEES HOLDING AS	23.000	3,64 %	MOEN EGON MOGENS	6.000	0,95 %
EIKA GRUPPEN AS	11.200	1,77 %	HARALD ESPEDAL AS	5.966	0,94 %
TH DAHL AS	10.800	1,71 %	HALVARD HANEVOLD AS	5.700	0,90 %
ÅRDAL KOMMUNE	10.000	1,58 %	WIKBORG TORD GEIR	5.550	0,88 %
HEYERN AS	10.000	1,58 %	NOTOV AS	5.140	0,81 %
SUM				305.831	48,35 %

30.09.2013					
Namn	Tal bevis	%	Namn	Tal bevis	%
MP PENSJON PK	50.383	7,97 %	HEYERN AS	10.000	1,37 %
VERDIPAPIRFONDET EIK	41.930	7,38 %	TH DAHL AS	8.244	1,30 %
KØHLERGRUPPEN AS	33.816	5,35 %	LUSTER SPAREBANK	7.600	1,26 %
ROGNE HELGE	27.233	3,87 %	AURLAND SPAREBANK	6.800	1,21 %
BEEES HOLDING AS	23.000	3,64 %	THU LEIF MAGNE	6.653	1,20 %
DØSKELAND BØRGE	20.850	1,77 %	VIK SPAREBANK	6.650	1,08 %
WAHLSTRØM ERIK	12.095	1,58 %	MOEN EGON MOGENS	6.000	1,05 %
EIKA GRUPPEN AS	11.200	1,58 %	WIKBORG TORD GEIR	5.550	0,95 %
ÅRDAL KOMMUNE	10.000	1,49 %	HUGIN INVEST AS	5.000	0,88 %
EUROVEST AS	10.000	1,30 %	GG EIENDOM AS	5.000	0,79 %
SUM				308.004	48,70 %



12 Verdipapir

Verdsettjingshierarki for verdipapir, til verkeleg verdi. Verkeleg verdi tilsvarar balanseført verdi.

i 1.000 kr.

	30.09.2014			Total
	NIVÅ 1 Kvoterte prisar i aktive marknader	NIVÅ 2 Verdsettings- teknikk basert på observerbare marknadsdata	NIVÅ 3 Verdsettings- teknikk basert på ikkje observerbare marknadsdata	
Verdipapir haldne for handelsføremål				0
Verdipapir frivillig klassifisert til verkeleg verdi	992	156.117	8.585	165.693
Verdipapir tilgjengeleg for sal			85.912	85.912
Sum eigendelar	992	156.117	94.497	251.605

Avstemming av nivå 3

Inngående balanse 01.01.2014	95.265
Realisert gevinst resultatført	4.778
Urealisert gevinst og tap resultatført	-291
Urealisert gevinst og tap i andre resultatkomponentar	-5.838
Investering	8.666
Sal	-8.083
Utgående balanse 30.09.2014	94.497

	30.09.2013			Total
	NIVÅ 1 Kvoterte prisar i aktive marknader	NIVÅ 2 Verdsettings- teknikk basert på observerbare marknadsdata	NIVÅ 3 Verdsettings- teknikk basert på ikkje observerbare marknadsdata	
Verdipapir haldne for handelsføremål				0
Verdipapir frivillig klassifisert til verkeleg verdi	27.350	170.965	8.956	207.271
Verdipapirer tilgjengeleg for sal			72.025	72.025
Sum eigendelar	27.350	170.965	80.981	279.296

Avstemming av nivå 3

Inngående balanse 01.01.2013	90.655
Urealisert gevinst og tap resultatført	447
Urealisert gevinst og tap i andre resultatkomponentar	1.486
Investering	330
Sal	-11.937
Utgående balanse 30.09.2013	80.981

Definisjon av nivå for måling av verkeleg verdi:

Nivå 1 – Verdsetjing skjer i høve til kvoterte prisar i ein aktiv marknad for identiske eigendelar/forpliktingar. Eit finansielt instrument vert vurdert som kvotert i ein aktiv marknad dersom kursar er enkelt og regelmessig tilgjengeleg frå ein børss, forhandlar, meklar, næringsgruppering, prissettingsteneste eller reguleringsstyresmakt, og desse kursane representerer faktiske og regelmessig førekomande marknadstransaksjonar på ei armlengd avstand. I kategorien inngår mellom anna børssnoterte aksjar og likvide aksje- og pengemarknadsfond.

Nivå 2 – Verdsetjing skjer gjennom annan input enn kvoterte prisar på nivå 1 som er observerbare for eigendelen/forpliktinga, enten direkte eller indirekte (utleia prisar). I dei tilfelle der det ikkje finst tilgjengelege marknadsprisar i ein aktiv marknad, er instrumenta først og fremst forsøkt verdsett ved hjelp av verdsetjingsmetodar basert på observerbare input/og eller tilnærma likearta instrument/produkt. Prising av renteberande papir, mellom anna fastrenteutlån, vert basert på rentekurver henta i aktive marknader. Verkeleg verdi på finansielle instrument tilgjengeleg for sal, vert fastsett for obligasjonar av Swedbank.

Nivå 3 – Verdsetjing på input som ikkje er basert på observerbare marknadsdata. Dersom fastsetjing av verdi ikkje er tilgjengeleg i høve til nivå 1 og nivå 2, vert verdsetjingsmetodar som baserer seg på ikkje-observerbar informasjon nytta. For aksjar som ikkje vert handla i regulert marknad vert siste omsette kurs nytta, eller nylege emisjonskursar, et. bokført verdi av eigenkapital. Konsernet gjer føresetnader basert på marknadsforholda som eksisterer på kvar balansedag. Pr. 30.09.2014 har banken sett verdien på aksjane i Eika Gruppen til 90 % av verdsetjing føreteke av finansavdelinga i Eika Gruppen. Verdien er vurdert etter anerkjente metodar for verdivurdering, og er utført av Eika Gruppen AS sin bankanalytikar. Verdien er sett til NOK 90,- pr. aksje.





INDRE SOGN
SPAREBANK
ekte lokalbank

ORG. NR.: 837 897 912

TELEFON: 57 64 85 10

WWW.ISSB.NO

NETTPOST@INDRESOGNSPAREBANK.NO

Øvre Årdal - Årdalstangen - Lærdal - Sogndal - Bergen

